



DEN NORSKE KIRKE

Øye og Ranes sokn

Postboks 19
6656 SURNADAL
Tlf: 71657060
Faks: 71657061

Kirkerådet
Postboks 799 Sentrum
0106 OSLO

Kyrkjekontoret i Surnadal 10.04.2018

Vår saksbehandler: sn.lenew

Vår ref.: 18/00002-002

Arkivkode: 312

Foreløpig svarbrev: Høyringsbrev frå kyrkjerådet 05.01.2018

JUSTERING AV HOVUDGUDSTENESTA I DEN NORSKA KYRKJA

KOMMENTARAR:

Generelt

1. Høyringsbrevet er temmeleg tunglese, i alle fall for lekfolk, trass i at det står at "Alle menigheter er velkomne til å delta i høringen. ". Ikkje berre er det skrive på eit svært konservativt "byråkratspråk" utan særleg omsyn til etterlengta krav om "klårpråk" frå offentlege organ, men Kyrkjerådet har ikkje eingong gjort seg umak med å legge fram forslaget på begge dei offisielle norske målformene. Det gjer det kronglete å orientere seg i høyringsmaterialet for oss som har nynorsk liturgi. Vi forstår at dette har vekt reaksjonar. Difor har Kyrkjerådet to månader etter at saka var sendt til høyring, laga ei omsetting av nye bønner til nynorsk og lagt ved. Det er påfallande at Kyrkjerådet brukar uttrykket "omsetting" og ikkje utforming av den nynorske utgåva. Sjølv om ikkje Kyrkjerådet bevisst ønskjer å diskriminere, blir det fort resultatet. Den nynorske utgåva frå 2011 er like lett tilgjengeleg som bokmålsutgåva, og den nye utgåva må sjølv sagt godkjennast på begge målformer til same tid, så kvifor kjem ikkje høyringsutkasta til same tid? Eller treng ikkje nynorskutgåva ei høyring fordi ho berre er ei "omsetting"? Det har komme mykje "venstrehands" omsetting av bokmålstekst gjennom åra. Vi håpar Kyrkjerådet set dugande språkfolk til å gjere arbeidet. Men kvifor vart dei ikkje tekne med frå starten av? Da hadde dei kanskje vore ei kjelde til å gjere bokmålstekstene betre også. "Høyringsforslag til Justert ordning for hovedgudstjeneste" er ei opphopinga av substantivsykje, genitivkonstruksjonar og passiv setningsbygning, som neppe bidreg til "en kvalitetsforbedring og oppdatering av liturgien språklig og innholdsmessig."
2. "Stadeigenheita" var det også i 2011 vanskeleg å få tak på. Vi som har vore med i kyrkjelivet i lang tid, har kanskje teke oss meir til rette enn vi hadde lov til, men da vi tok fatt på gudstenestereforma i 2011 og måtte ta formalitetane på alvor, kjentest det ikkje ut som vi fekk så mykje friare tøyler til heimegjorde (stadeigne) løysingar enn før, sjølv om "vareutvalet i liturgibutikken" hadde vorte så mykje større. I 2018 seier Kyrkjerådet likevel at "Stedegenhet kommer til uttrykk på så mange måter i den lokale og regionale kulturen og språket". I same rennet stryk dei mange "kan" og innfører "obligatorisk" i staden. For eit kyrkjesokn ute på landsbygda, der gudstenestene ikkje er så mange, der fleirtalet inneheld både dåp og nattverd, og der ein skal få plass til både 4-årsbok og 6-årsbok, bibelutdeling og "lys vaken", konfirmasjonar og ymse andre markeringar, er det ikkje lett å få med alle obligatoriske ledd utan at gudstenesta blir for lang. Presten kan ikkje skjere preika ned til nesten ingenting eller snakke



DEN NORSKE KIRKE

Øye og Raneshokn

fortare, for da dett mange av lasset. Og når skal vi få tid til å lære oss alle dei fine salmane, og syngje dei?

Spørsmål

- 1a:** Vanskeleg å seie om sjølve reforma har hatt noko å seie positivt eller negativt. Gudstenestelivet står og fell meir med generasjonsskifte, kor kyrkjeleg bevisst folk er, kva ressursar soknet har av tilsette og frivillige medarbeidarar, kor tidhøveleg kyrkjerommet er o.l. For ”den indre kjerne” har kanskje reformprosessen verka bevisstgjjerande. For alle var det sjølvstakt ei tid med prøving og feiling. No har vi funne vår form. Vi bør nok heile tida fornye oss, men nye sentrale forskrifter er neppe det som bidreg mest til det.
- 1b:** Positivt: Forsongargruppe og frivillige musikarar i gudstenestene. Instruktive programark for ulike gudstenester. Oppgåvelister for faste ”aktørar” i gudstenesta. Ordning med kyrkjevertar som skaffar blomster, ønskjer velkomne og deler ut salmebøker og programark. Ordning med kyrkjekaffe etter gudstenesta. Oppdrag for konfirmantar og andre frivillige som ministrantar, opplesarar o.a. Prosesjonar. Lysglobe og dåpslys. Dåpsfølgjet med på heile gudstenesta. Gudsteneste for små og store
- Negativt: For besøkjande kan det vera litt forvirrande med ulike liturgi frå kyrkje til kyrkje. Utan å kunne beise at det er slik, har vi ei kjensle av at ønsket om å få med alt som er rett og bra og i samsvar med teologien og tradisjonen og økumenikken og aktualiteten har gudstenesta lett for å bli ordrik. Når vi gjennomfører ei hovudgudsteneste er det viktig å ha i minnet at den faste kyrkjegjengaren, dåpsfølgjet, konfirmanten og nattverdsgjesten følgjer heile gudstenesta i lag, og at vi ikkje treng å seie oppatt det same i nattverdliturgien som vi sa under forbøna eller samlinga eller dåpsliturgien.
- Særskilt: Her i soknet er det ei stor glede at vi framleis i samarbeid med barneskulane kan arrangere morgonsong med lærarar og elevar minst ein gong for semesteret.
- Men: Det er uvisst om noko av dette har direkte samanheng med gudstenestereforma. Men kanskje formaliserte reforma det som vi hadde begynt med frå før.
- 1c:** * Tilrettelegging av kyrkjerommet (tilgjengeleg, lyd, sitteplassar, oppvarming, toalett, plass for sosiale møte/kor/ymse aktivitetsformer)
- * Rutinar for kunngjering (kyrkjeblad, lokalpresse, nettside). Kyrkjeskyssoardning.
- * Nok tid for ansvarleg prest til samarbeid med tilsette og frivillige (inkl. konfirmantar o.a.) til planlegging og øving, ev bruk av tekniske/digitale verkty.
- 1d:** Vi kunne ønskje så mangt, men må heile tida ta inn over oss at vi blir avgrensa av
- * økonomi
- * menneskelege ressursar
- * folks vanar, ønske og vilje til å komme til kyrkje
- 2:** Nye omstendelege godkjenningssprosedyrar trengst ikkje. Når kyrkjelyden med sine liturgisk ansvarlege held seg innafor det dei ”skal” eller ”kan” gjere, bør det ikkje settast fleire formelle gjerde. Vi bed ikkje om fleire alternativ, men fleire ”kan” innafor den ”menyen” som er framlagt.
- 3e:** Samlingsbøna bør vere valfri. (I vår kyrkjelyd har vi sidan reforma i 2011 innleidd gudstenestene med ei dåpspåminning før dåpshandlinga, og reknar med at vi kan halde fram med det, men ta med Kyrie og Gloria)
- 3f:** Synsvedkjenning: Den nye formuleringa (D), ”Heilage Gud, du vår skapar: Vi har vendt oss bort frå deg og kjenner synda si makt i våre hjarte. Tilgjev oss, og set oss fri til å tena deg og vår neste”, bør heller vere slik:



DEN NORSKE KIRKE

Øye og Raneshokn

A: Heilage Gud, du som skapte oss: Vi har vendt oss bort frå deg og kjenner synda si makt i hjartet vårt. Tilgjev oss, og set oss fri til å tena deg og vår neste.

(Grunngjeving: Samsvar med 1. trusartikkel – unngå å substantivere gjerningar. ”Hjartet vårt” samsvarar med den gamle formuleringa ”den vonde hug i hjartet mitt”. Kroppen vår, sjela vår, hjartet vårt, livet vårt – dette er god nynorsk og ”klassisk folkemål”)

- 3i:** Dagens bøn bør ikkje vere obligatorisk. Ho skal lesast av liturgen, og han bør kunne velje ho bort når det er mykje anna som skal med i gudstenesta. Da kan temaet for dagen heller få prege forbøna.
- 3j:** Uheldig at vi må sløyfe det doble kjærleiksbodet (Matt 22,37-39) før syndsvedkjenninga. Grunngjeving: Etter at kristendomsopplæringa i skulen er borte, er det dobbelt viktig at gudstenesta gjev oss høve til å bli kjent med eit utval kjerneord. (Fadervår, Kyrrie, Gloria, truvedkjenninga, velsigninga, Jesu ord til borna, dåpsbefalinga, Joh. 3,16, innstiftingsorda til nattverden har fast plass i gudstenesta og dåpsliturgien)
- 4c:** Framlegget seier at hallelujaomkvedet skal vere obligatorisk, men opnar likevel for avvik etter evangelielesinga og i fasta og høgtidene. Vi legg vekt på verdien av å lære og bruke salmar, og har ofte bruka 384 Syng lovsong, i staden for Halleluja. Andre salmar, f.eks. 385 Pris din Gud, 386 Lovsyng Herren, alle folkeslag, og 393 Kom syng for vår Gud, kan brukast, eller eit anna vers som aktualiserer preiketeksta. Svartekst er alltid for handa i salmeboka. Vi ønskjer at valfrie vers frå salmeboka kan vere svarledd.
- 4d:** * Preikeavslutning: Vi er ikkje einige i at ”...var, er og blir...” er betre språk enn ”..var, er og vera skal...”, i alle fall ikkje på nynorsk. Både på nynorsk og dei fleste talemål er den vanlegaste tydinga av blir at det kjem noko nytt. Bli og verta er synonym, men ein kan ikkje seie at Faderen var, er og vert ein sann Gud! Da må ein i så fall heller seie ”...blir/vert verande...”. Vi foreslår: ”**Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som var og er og skal vera ein sann Gud frå æve og til æve.**”
- * Omtalen av dramatisering eller anna aktualisering av preika skal bort, men det betyr vel ikkje at slikt ikkje er lov?
- 5a:** I vår kyrkje meiner vi at praksisen med særbege og mottaking av nattverden ståande framfor kordøra fungerer godt. Ikkje minst for dei som er dårleg til beins er det ein fordel å sleppe terskelen opp frå midtgangen til koret. Somme saknar kanskje høgtida ved å knele på alterringen, så iblant deler vi først ut kring alterringen, men går ned i midtgangen etterpå for å dele ut til dei som helst vil ta imot brød og vin der.
- 5b:** * Vi trur ordet kropp er eigna til å gjere nattverden konkret og nær. Lekam/legeme er ikkje i bruk i daglegspråket og kan vere med gjere handlinga meir abstrakt. Eigentleg ville det da også ved avslutninga vere naturleg å seie: ”Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin heilage kropp og sitt dyre blod...”
- * Når ein har bestemt seg for å skifte ut ordet kalk med beger, må ein passe på at pronomenet i nynorsktekstene blir forandra frå han til det. (Det er ikkje gjort i dei vedlagte nattverdsbønene!)
- 5c:** Å syng ein takkoffersalme samtidig som ein samlar inn offeret trur vi er svært uheldig, enten ein går rundt alteret eller samlar inn i benkene. Ein kan ikkje vente at folket kan salmen utanåt, så dei må finne fram tekst, finne offerpengar eller Vipps-nummer, ev forlate plassen sin og finne han att. Dei praktiske gjeremåla kjem i vegen for fokuset på salmen. Slik bør det ikkje vere. Før sat vi i ro og song nattverdssalmen, som naturleg gleid over i prefasjonen. (Under ofringa hadde liturgen eit naturleg pusterom til å ta på seg messehaket og vaske hendene. Det er også eit fint høve å tenne lys i globen for dei som ønskjer det) Vi føretrekkjer sterkt den gamle ordninga med musikk under ofringa og salme mellom takkofferbøna og prefasjonen.
- 5e:** * Greitt at fredshelsinga er valfri. Den utvida handhelsinga kan for somme verke ”stressande” eller ”påtvinga” (Kanskje står det ingen breiddmed i benken. Kor langt skal ein strekkje seg?)



DEN NORSKE KIRKE

Øye og Raneshokn

Framom og attom? Føler ein seg for påtrengande e.l.)

* Avslutning av måltidet: Ulike valfrie formuleringar som kyrkjelyden skal seie fram i lag er på ein måte i strid med det som er sagt i innleiinga om innstramming. Dette krev at kyrkjelyden er "på hogget" og følgjer med på gudstenestearket i rett tid – etter at folk har vandra fram i kyrkja med takkofferet, gått fram og fått brød og vin, kanskje besøkt lysgloben og komme seg på plass att. Vi trur kyrkjelyden tek til seg desse orda like godt om berre liturgen seier dei. Vi må passe oss for å gje dei lite kyrkjevante ei kjensle av at dei har "låg liturgikompetanse".

* Å lese i kor er ein god ting – når liturgen legg opp til høveleg tempo og rytmikk – men bør helst brukast til kjernetekster som Fadervår, truvedkjening og andre innøvde tekster med lang og felles kyrkjetradisjon, eller veksellesing/ekkolesing frå manuskript (slik som f.eks. dåpspåminninga)

6: Nattverdsbøner

Nattverdsbøn B: * Formuleringa "ved den elska Son din" viser at dette er dårleg omsett bokmål "ved din elskede Sønn". Ein klassisk seiemåte er "**ved din kjære Son**" (ved Son din, Jesus Kristus" står det i Gudstenesteboka 2011). Einkvan meiner truleg at partisippforma av å elske lyder meir "inderleg" enn det velbruka adjektivet kjær. Er det så viktig å bruke "elske", må ein heller seie: "ved Son din som du elsker"

* Formuleringa "Lat alle som får del i brødet og vinen, sameinast til eitt" er ikkje godt språk. Sameine betyr å gjere til eitt, så dette er "smør på flek". Ei betre formulering er: "**Lat alle som får del i brødet og vinen, bli eitt med kvarandre**"

Nattverdsbøn E: Formuleringa "gjeve oss livet i gåve" er enda eit eksempel på språkleg "smør på flek" – tilsvarande: velsigna med velsigning, bede som bøn, lånt som lån. Uttrykket "**gjeve oss livet**" treng ikkje noko tillegg.

Alle nattverdsbønene: "Kvar gong de drikk av han, så gjer det til minne om meg" har feil pronomen, det skal vere: "**Kvar gong de drikk av det, så gjer det til minne om meg**" (Viser tilbake på begeret, ikkje kalken)

7.: Ingen kommentar

Med venleg helsing

Øye og Raneshokneråd v/ gudstenesteutval

Vidar Wilhelmsen Rygh
Sokneprest

Olav Mause
Soknerådsleiar

Sverre Hatle
Klokkar